

Politisk plattform for samarbeid mellom partia Senterpartiet, Miljøpartiet Dei Grøne, Kristeleg Folkeparti, SV- Sosialistisk Venstreparti, Arbeidarpartiet og Venstre, i Vestland fylkesting. Perioden 2019-2023.



*Ein grøn, desentralisert, samarbeidande, utviklende, open fylkeskommune med
jambyrdige vestlendingar.*

Vestland

Ein grøn, desentralisert, samarbeidande, utviklande, open fylkeskommune med jambyrdige vestlendingar.

Vestland er framtidas region. Me har ressursane, kompetansen og menneska som skal til for å skapa verdiar og innhaldsrike liv. Me må sikra livsgrunnlaget til framtida sine generasjonar gjennom krav til nullutslepp innan 2030. Fylket skal gjennom samfunnsplanlegging, regionalplanlegging og øvrig politikkutforming bidra til god folkehelse og at FN sine klima- og berekraftsmål blir nådd.

Naturressursane skal nyttast på ein berekraftig måte til matproduksjon, arbeidsplassar, energi og opplevingar.

Regionen vår skal vera ein trygg og god plass for folk å bu, og det skal vera gode offentlege tenestetilbod i alle delar av fylket, trygge arbeidsplassar, tenlege og sikre vegar, eit velutbygd kollektivtilbod, og breiband til alle.

Me vil arbeida opp mot staten om fleire oppgåver til fylket . Me forventar at Staten fører ein politikk som er bra for Vestland, slik som også me skal jobba for det nye fylket.

Kultur og idrett er ei viktig brikke for regional utvikling. Vestland skal ha eit tett samspel med lokalsamfunna og på dette området, og bidra til å sikra kultur, idrett og frivilligheita trygge og føreseielege rammer.

Fylkeskommunen skal ha gode prosessar saman med kommunane og andre organisasjonar.

Fylkeskommunen skal bruka si innkjøps- og eigarmakt i klimapolitikken og i arbeidslivspolitikken til å nå klimamåla, hindra sosial dumping, stilla krav til tariffavtalar og inkludera fleire i arbeidslivet.

Bergen er viktig for Vestland fylke både som motor og by med store og viktige institusjonar. Fylkeskommunen skal gjennom lokalisering av eigne og framtidige tenester og oppgåver bidra til desentralisering av arbeidsplassar og kompetanse. Gjennom digitale løysingar kan Vestland leggja til rette for fleksibilitet i fylkeskommunale stillingar uavhengig av geografi.

Utdanningsinstitusjonar skal ta utgangspunkt i eleven sine evner og interesser, samfunnet sine behov, og fylket sine fortrinn. Me skal ha meir praktisk undervisning, og sikra tettare oppfølging av elevar med motivasjons- og lærrevanskar. Ei av fylkeskommunen sine viktigaste oppgåver er å sikra at elevane lukkast.

Vestland skal satsa på utvikling og innovasjon innan næringsliv og skule.

Me forpliktar oss til å arbeida for likeverd, likestilling og realisering av menneskerettar for alle menneske. Me vil byggja eit samfunn med små forskjellar og tillit mellom folk. Samfunnet skal vera livsynsone og med respekt for dei val folk tar for liva sine.

Vestland skal bidra til å utvikla landsdelen saman med dei andre fylka. Me skal bidra internasjonalt i Nordsjø-samarbeidet for å sikre og utvikle ressursane me har felles interesser i.

Fylkeskommunen sitt ansvar for integrering er viktig, både i vidaregåande skule, og innanfor kultur, idrett og frivilligkeit.

Formannskapsmodellen ligg til grunn og me vil føra ein politikk om sikrar ansvarleg økonomisk styring. Ein sunn og robust økonomi er nødvendig for å gi gode tenester til innbyggjarane våre. Difor vil ein berekraftig utvikling i driftsbudsjettet og ein forsvarleg gjeldsutvikling være ein prioritet for samarbeidspartia. Vestland forventar at Regjeringa føl opp målsetjingane for regionreforma om

spreidd busetnad og gode tenester i heile landet og fylket og me legg dette til grunn for Vestland. Føresetnaden er at Regjeringa gir fylkeskommunane økonomiske rammer som samsvarar med målsetjinga og oppgåvene me skal løysa.

Vestland fylkeskommune skal visa veg som arbeidsgivar med eit trygt og seriøst arbeidsliv som reduserer sjukefråvær og fremjar heiltid.

Samarbeidspartia ønskjer på generelt grunnlag at Vestland er aktiv i å søkja dei moglegitene som ligg i regionreforma.

Vestland skal snarast råd utarbeida planstrategi som er forankra i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Samarbeidspartia legg den vedtekne intensjonsplanen for Vestland fylke til grunn.

Næring og arbeid i Vestland

Vestland fylke skal ta i bruk heile regionen sitt komparative fortrinn for å utvikle ei bærekraftig og langsigkt verdiskaping. Me skal spele på lag med heile næringslivet for å utvikle fleire arbeidsplassar i Vestland. Me må tenke grøn næringsutvikling i alle ledd av politikken – både innan forsking, utvikling, samarbeidsforum og offentlege innkjøp. Me må forvalte våre naturressursar vel. Me kan ikkje forbruke meir enn me har til rådvelde. Me skal syne at overgangen frå fossil til grøn og fornybar energi, nullutsleppstransport og grønt næringsliv skapar nye arbeidsplassar og levande regionar.

Samarbeidspartia vil:

- At Vestland skal vere først ute med å skape ny teknologi som resten av verda kan ta i bruk når dei er klare for det, og støtta opp om eksport av elektrifiseringsteknologi.
- Støtte økt fokus og satsing på investeringar i næringsretta forsking og utvikling (FoU). Bruke regionalt forskingsfond til gode næringsretta forskingsprosjekt og å styrke forskingsmiljøa og klyngeverksemd i Vestland.
- At kompetansen innan olje- og gassindustrien på Vestlandet skal brukast i arbeidet med å omstilla eit verdsleiane norsk næringsliv.
- Leggje til rette for at anbod og innkjøpsordninga blir praktisert slik at også mindre og meir lokale næringslivsaktørar i fleire tilfelle kan ta del i konkurransen med større aktørar.
- Legge til rette for kortreist mat og kortreist for til dyra for å fremme grønt landbruk og utnytte beitepotensialet me har i regionen.
- Fylket skal ta ei aktiv rolle i utviklinga av jordbruksretta. Innovasjon Norge skal nytta verkemiddela til å byggje vidare på særtrekka ved vestlandsjordbruksretta som mjølk, kjøt, frukt, bær og grønsaker.
- Vestland skal vidareutvikle vestlandslandbruksretta med jord og skog, arbeide for auka verdiskaping, i tett samarbeid med landbruksretta sjølv.
- Bruke lengre anbodsperiodar, der anbod er påkravd, mot bedrifter som har ansvar for attføring og varig tilrettelagde arbeidsplassar.
- At det skal skapast arbeidsplassar og energi basert på naturressursane i heile fylket
- Alle husstandar skal ha tilgang til høghastigheitsbreiband og 100 % dekning på mobilnettet. Breibandutbygging er eit statleg ansvar, men fylket skal spele ei viktig rolle.
- At Innovasjon Norge skal innrettast meir mot små og mellomstore bedrifter

- At Vestland vil jobba for desentralisering av tenester frå fylkeskommunen som regionalavdelinga, samferdsel, plan, og landbruk.
- Ligge heilt i front på å stilla seriøsitetskrav ved alle offentlege innkjøp og anbod, til dømes krav om lærlingar, fast tilsette og faglært arbeidskraft.
- Vestland fylke skal ha ein heiltidskultur, og som hovudregel berre lyse ut heile og faste stillingar.
- Doble tal lærlingar i fylkeskommunen.
- Bergen er Havbyen, målet er å skape verdens sterkeste integrerte klyngje for marin utdanning, forsking og innovasjon.
- Støtta opp om fiskeri, oppdrett, marin sektor i Vestland. Vestland skal vera ein pådrivar for ei bærekraftig oppdrettsnærings der målet er full utnytting av avfallsressursane og null rømming.
- At veksten i reiselivet må sikra lokal verdiskaping, heilårsarbeidsplassar, god ressursutnytting av dei offentlege tilboda, og minst mogleg klimaavtrykk.
- Sikre næringslivet risikokapital.
- Bidra til at kraftforedlinga industri får tilgang på kraft til rimeleg pris og arbeide for nasjonal utjamning av nettleiga.
- Fylket skal utarbeide ein eigarskapsmelding som skal reviderast årleg.

Samferdsel, kollektiv og mobilitet i Vestland

Samferdsla, kollektiv og mobilitet bind Vestlandet saman. Fylkeskommunen skal vere sentral aktør for at landet når måla i Parisavtalen. Målet om eit klimanøytralt fylke er sentral i samferdselspolitikken vår. Kollektivtilboda må hengje saman, og korrespondanse må vere mogleg skal kollektiv bli eit reelt alternativ.

Samarbeidspartia vil:

- Prioritere rassikring, tenleg veg, liv og helse før nye store vegprosjekt på fylkes-, riks- og europavegnettet.
- Legge K5 alternativet til grunn for ny veg og bane mellom Bergen og Voss og krav om samanhengande utbygging.
- Arbeide for å auke rammene til samferdsle i fylket frå staten.
- Halde fast på fylkestinga sine prioritieringslister i vedteken RTP.
- Sterk satsing på trafikksikring og vidareføre satsinga på punktutbetring på vegnettet vårt og sikre trygge skulevegar.
- Prioritere bygging av gang- og sykkelvegar.
- Utvikle sykkelbyavtalar med fleire tettstader.
- At Bybanens byggetrinn 4 og 5 skal gjennomførast som vedteken av bystyret i Bergen. Bybana til Åsane skal byggjast så fort som mogleg, og ein føreset kontinuerleg utbygging.
- Stille krav om nullutslepp i alle framtidige anbod i kollektivsektoren.
- Krevje oppstart av Stad skipstunell i samsvar med gjeldande NTP.
- Sikre kortbanenettet og etablere infrastruktur på flyplassane som gjer det mogleg å ta i bruk elektriske fly på kortbanenettet.
- Auke tal avgangar med kollektivtrafikk i kvart budsjett dei neste fire åra. Prioritere auken der grunnlaget for vekst i bruken av kollektivtrafikk er størst.

- Ikkje finansiere kollektivtrafikken med reklame.
- Samarbeidspartia er positive til å redusere prisane dersom forholda ligg til rette for det, og kollektivprisane skal i snitt ikkje auke meir enn prisveksten.
- Innføra sonebillettar på kollektivtransporten i heile Vestland.
- Ha eit godt ferje- og hurtigbåttilbod, og sikra pendlar- og skuleruter og eit minstetilbod til innbyggjarar i svakt befolka områder.
- Etablere fleire ladestasjonar.
- Innlemme bysykkelordninga i dei ulike reiseproduktta til fylkeskommunen.
- Sikre byvektstavtalen, mellom staten, Vestland, Bergen og omlandskommunane til Bergen som gjer oss i stand til å bygge infrastrukturen me treng for å nå nullvekstmålet for privatbilisme.
- Sikre at den nye vegadministrasjonen vert eit effektivt organ.
- Vidareutvikle «travel like the locals» for besøkande til Vestland.
- Satse på fleksible ruter og serviceskyss i distrikta.
- Me vil utvide ungdomskortordninga.
- Born skal ikkje betale meir for kollektiv enn prisen for ungdomskortet. Me skal ha ein fleksibel skuleskyss.
- Ha med ei opning i anboda for at ein kan auke ruteproduksjonen på ferjene viss auka passasjergrunnlag tilseier det.
- Etablere kollektivfelt på innfartsårane til Bergen.
- Utnytte ferjeavløysingsordninga på fylkesvegnettet.
- Satse på hjartesoner/barnas transportplan.
- Realisere fiskerihamner i NTP gitt statleg finansiering.

Opplæring og helse i Vestland

Fellesskulen er ein viktig møteplass for barn og unge. Ambisjonen for nye Vestland fylke må vere å ha den beste vidaregåande skulen i hele landet. I det nye fylket skal me ta med oss styrkar frå Hordaland og Sogn og Fjordane, til det beste for innbyggjarane i fylket vårt. Skulen skal skape eit kompetanse-samfunn og bidra til å utjamne skilnadar og skape like mogleger.

Det skal det vere trygt og motiverande å gå på skulen. Ei av dei viktigaste oppgåvane til fylkeskommunane er å sørge for at gjennomføringa i den vidaregåande skulen vert høgare. Godt kvalifiserte lærarar, moderne bygg med universell tilgang og oppdatert undervisningsmateriell er viktige føresetnader for å skapa trivsel og motivasjon for elevar og tilsette. Me har høg tillit til lærarane, og det er viktig at dei får tid og rom til å vere lærarar. Me skal sikre at vaksne, utan formell kompetanse får moglegheit til å ta del i etter- og vidareutdanning.

Tannhelsa er ein vesentleg del av folkehelsearbeidet, og spelar ei stor rolle for livskvaliteten til innbyggjarane i fylket. Det er derfor viktig å sikre det offentlege tannhelsetilbodet og gje alle eit godt tilbod i alle deler av fylket.

Samarbeidspartia vil:

- Sikre ein føreseeieleg økonomi. For mange skular i distriktet er det ei utfordring med ein eventuell budsjettmodell basert på stykkprisfinansiering. Difor skal me vidareføre en budsjettmodell med ei klar hovudvekt på tilskot per klasse, såkalla klassefinansiering.

- Vidareføre dagens desentraliserte skulestruktur, og viser til dei allereie vedtekne skulebruksplanane. Skulane som er vidareført i skulebruksplanen skal bestå også i denne perioden. Investeringar i skulebygg skal ta utgangspunkt i dagens to fylke sine vedtekne skulebruksplanar og budsjett- og økonomiplan.
- Det er positivt og rettferdig for elevane om private og offentlege skular samkøyrer opptaks- og inntaksdatoane.
- Styrke distriktskulene, m.a. gjennom plassering av dei fylkesdekkande linjene. Det må også gjerast tydelege prioriteringar slik at tilboda står seg over tid for å unngå stadige endringar i tal klassar. Det er også ynskjeleg å jobbe vidare med tilskot til halve klassar.
- Ha ei systematisk planlegging av plassering av tilbod for å auke mangfaldet på skulane, særleg i bynære strøk.
- Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur, samstundes som ein også kan søke på andre skuler dersom ein ønsker det. Difor skal ulike inntaksmodellar utgriast med mål om å gjera inntaket meir rettferdig, både gjennom å sikre eit godt tilbod i distrikta, meir mangfald i byskulene, framleis valfridom og meir tryggleik for elevar som i dag er uroa for reiseveg. Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert. Her skal ein sjå til andre fylkeskommunar sine inntaksmodellar. Dagens to inntaksregionar, og inntaksregionar generelt, skal evaluerast i samsvar med eksisterande vedtak i fellesnemnda. I fylket skal ein ha ein reisetidsgaranti for å sikre at ingen elevar får urimeleg lang ufrivillig reisetid der dette er praktisk gjennomførbart. Alle elevar skal ha ein rett til å fullføre skulelopet på den skulen dei har begynt på der det er mogleg.
- Me vil ikkje ha fleire private kommersielle vidaregåande skular til fylket eller utviding av eksisterande tilbod i perioden.
- Samarbeidspartia ønsker god dialog og eit godt samarbeid med dei private ideelle skulene i fylket og ynskjer om endringar i tilbod på desse skulane skal vurderast i samsvar med intensjonane i friskulelova.
- Ha ei systematisk planlegging av plassering av tilbod for å auke mangfaldet i elevgruppa på skulane, særleg i bynære strøk.
- Tilby gratis skulefrukost på alle dei offentlege vidaregåande skulene i Vestland fylke. Dette skal bidra til eit styrka læringsmiljø, auka fellesskap og inkludering.
- Ha ei storstilt satsing på læreplassgarantiar med offentleg og privat sektor i heile fylket, etter modell frå læreplassgarantiane i Nordhordland og med Bergen kommune
- Satse vidare på eit tettare samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringslivet og kommunane, etter modell frå m.a. Årdal og Bømlo. Erfaringane og samarbeidsmodellane skal takast med til andre delar av fylket.
- At arbeidslivet sine behov skal vere styrande for korleis fylkeskommunen planlegg yrkesfagtilboden. Tilboden av skuleplassar, tilgjengelege læreplassar og kompetansebehovet i fylket og i dei ulike regionen skal henge sammen. I dette arbeidet legg Samarbeidspartia særleg vekt på samarbeidet med partane i arbeidslivet.
- Satse på produksjonsskulane i fylket. Samarbeidspartia forutset at staten er med på den vidare satsinga på produksjonsskular, og ønsker at dei tilboda me har blir tilgjengelege for enda fleire ungdomar enn i dag.
- Utgriera ulike tiltak for å forbetre kjønnsbalansen i rekrutteringa til dei ulike utdanningstilboda i den vidaregåande skulen.
- Vera ein aktiv pådrivar mot høgskulesektoren for å opne for fleire vegar frå fagbrev til høgskuleutdanning, eksempelvis y-vegen.

- Kartlegge tilhøva for bortebuarar i Vestland fylke, samt vurdere å innføre sosiale tiltak for å betre bortebuarane sine kår.
- Alle elevar er likestilte uavhengig av funksjonsevne og har same rettar. Ein har rett på eit tilrettelagd tilbod og me skal utgreie korleis tilboden til menneske med nedsett funksjonsevne skal organiserast i det nye fylket, med vekt på at inkludering er ein verdi som står sterkt i den norske fellesskulen.
- Tiltrekke oss enda fleire fagskulestudentar frå andre fylke enn det me gjer i dag. Samarbeidspartia vil sikre Fagskulen tilstrekkelege ressursar til å vidareutvikle studietilboda og til å kunne tilby nye studierettingar.
- Samarbeidspartia vil styrke arbeide med førebygging av psykiske lidinger og ha ein systematisk gjennomgang av tilboden innanfor skulehelsetenesta i heile fylket, med mål å sikre alle elevar eit tilfredsstillande tilbod.
- Flyktningar og andre med minoritetsspråkleg bakgrunn må få tilrettelagt opplæring for best mogeleg språk- og samfunnsopplæring. Asylsøkjarar med endeleg avslag må få rett til vidaregåande opplæring til dess dei må forlata landet.
- Ha ein desentralisert tannhelsestruktur og sikre god rekruttering av fagfolk.
- Sikre at prisane for offentleg tannbehandling i snitt ikkje aukar meir enn prisveksten.

Klima og miljø

Vestlandet er framtidas grøne region. Mange av miljø- og klimaløysingane finn ein i vårt fylke, og klimaopporet blant born og unge må følgjast opp med konkrete løysingar og politikk. Klima- og miljøomsyn skal gjennomsyra alle områder fylkeskommunen har ansvar for, og FN sine berekraftsmål skal leggjast til grunn for all regional planlegging.

Krav til nullutslepp og ny teknologi er eit konkurransesfortrinn for bedrifter og lokalsamfunn på Vestlandet. For å ytterlegare redusere utsleppa i åra som kjem må offentleg sektor og privat sektor spela på lag. Auka kraftproduksjon og styrking av eksisterande kraftproduksjon må skje på ein måte som tek i vare natur og biologisk mangfold. Eit rent hav utan forureining er ein global utfordring, og er særleg viktig for oss som bur langs kysten og som lev av maritim- og marin næring.

- Vestland fylkeskommune skal lage ein ambisiøs klima- og miljøplan, utarbeide klimabudsjet og føre klimarekneskap. Me skal ha forpliktande utsleppskutt i tråd med Paris-avtalen.
- Redusere bruk av plast i fylkeskommunen. Bidra til å halde engasjementet for plastrydding oppe.
- Me skal sikre eit sterkt jordvern.
- Vestland vil vege naturmangfald og miljøvern høgt i saker om vasskraftutbygging. Me vil gjere ein vurdering av dei samla miljøkonsekvensane utover det enkelte prosjekt. Me vil ikkje tillate utbygging av kraftverk, herunder småkraftverk, i verna vassdrag. Eit unntak kan t.d. vere prosjekt som har flaumsikring som hovudargument, eller der utbygginga direkte erstattar bruk av fossile energikjelder.
- Vestland vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kultuminner/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Vindkraft til havs skal utviklast i samråd med havbruk-, og fiskeriinteressene.
- Vestland krev eit skatteregime som betrar økonomien i produksjonsaukande fornying av vasskraftanlegg. Eigarskap- og skattleggingsregime for vindkraftanlegg må sikrast offentleg eigarskap og lokale inntekter.

Kultur, idrett, inkludering og frivilligheit i Vestland

Attraktive kulturtildot er med på å skape trivelege og levedyktige lokalsamfunn. Kultur og idrett fremjar fellesskap og identitet. Kultur og idrett er viktig for regional utvikling. Fylket skal ha eit tett samspel med lokalsamfunna på dette området. Vestland skal bli det beste kulturfylket i landet. Alle, uansett bustad og sosiale skiljelinjer, skal ha tilgang til kunst, kultur og idrett utført av både profesjonelle og frivillige aktørar. Kunst og kultur har eigenverdi og skaper refleksjon og innsikt om verdiar, samfunn og kva det vil seia å vere menneske. God kunst og kulturpolitikk er demokratibygande. Kjennskap til eigen kultur gjev tryggleik i møte med andre.

Frivillige, lag og foreiningar sørger for eit mangfoldig fritidstilbod til alle innbyggjarar og bidreg til aktive, dynamiske og robuste lokalsamfunn.

Samarbeidspartia vil:

- Prioritere anlegg for barn og unge for tiltak innan idrett, folkehelse og friluftsliv
- Legge til rette for at alle barn og unge får gode kunst- og kulturopplevingar, og vil halda fram ordninga med kulterkort for ungdom
- Utvikle Bergen som internasjonal og regional kulturby, og som ein viktig motor for utvikling av kulturlivet i heile Vestland.
- Arbeide for gode samfinansieringsordningar for utvikling av nye kulturinstitusjonar.
- Ta vare på og løfte fram kulturminne som har prega regionen, samt styrke verdsarvområda.
- Vestland fylke skal ha nynorsk som administrasjonsspråk, og skal arbeide for å styrke nynorsk språk.
- Me vil støtte etableringane av Nynorskens Hus i Førde og Bergen.
- Vidareutvikle Det Vestnorske Teateret til å bli eit fullverdig nynorskteaterhus i Bergen sentrum.
- Sogn og Fjordane Teater skal utviklast som turneteater for heile Vestland.
- Styrke og vidareutvikle UKM-festivalen, Dans Utan Grenser og Fargespill.

- Styrke folkebiblioteka og sikre eit desentralisert bibliotektilbod og vidareutvikle bokbåt-tilbodet til fjord-, kyst- og øysamfunn i alle deler av fylket. Biblioteka er viktige møtestader for menneske med ulik kulturell og sosial bakgrunn.
- At arenaer der born og unge naturleg er til stades skal vere rusfrie.
- Medverke til utviklinga av Kystpilegrimsleia, i nært samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, kommunar og kyrkje.
- Støtte riksjubileum for kristenretten på Moster i 2024, og bidra til å forvalte den historiske arven knytt til innføring av Kristenretten.
- Satse på Gulatinget som ein nasjonal og internasjonal arena for rettshistorie, demokratihistorie og demokratiutvikling, og jobba for at Gulating vert nasjonalt tingstadcenter.
- Støtte ei fylkesmusikarordning i samarbeid med kommunane og kulturskulane.
- Jobba for at dei ulike livssynssamfunna skal vere på line med frivillige lag- og organisasjonar, og bli invitert med i arbeid med planarbeid som naturleg vedkjem dei.
- Utvikle eit breitt og variert friluftstilbod til barn og unge gjennom medverknad.
- Styrke økonomiske vilkår for produksjon av ny musikk, scenekunst, visuell kunst, skrivekunst og film.
- Arbeide for eit risikofond for prosjekt som formidlar kunstopplevelingar til nye grupper og gjere slike opplevelingar til ein større del av folk sine liv.
- Styrke biblioteket som aktiv kulturformidlar og som debattarena med breidd og høg kvalitet
- Arbeide for best mogeleg kontakt og samhandling mellom de ulike etniske grupper og kulturar i Vestland, og etablere eit fagleg råd med deltakarar frå akademia og andre relevante kretsar som kan bidra med rådgjeving og kvalitetssikring i denne brubygginga
- Setje krav til miljøvennlege kunstgrasbanar ved tildeling av tippemidlar (ikkje gummigranulat).
- Auke nynorsk produksjon i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken.
- Sikre Sentralbadet som eit nytt scenekunsthus for BIT teatergarasjen og Carte Blanche.
- Forumet «Nynorskfylket Sogn og Fjordane» vert utvida til Vestland fylke.
- Inkludere fleire personar med funksjonshemmingar og fleirkulturelle i idretten gjennom tilrettelagde arrangement og aktivitetar.
- Satse på prosjekt for merking og gradering av turløyper
- Støtte og auke kompetansen til frivilligentralar, idrettsråd, amatørkulturråd og eldreråd. Fylket skal ha eit nært og godt samarbeid med idrettskretsene og andre frivillige idretts- og kulturorganisasjonar. Dei frivillige lag og organisasjonane skal ha gode og føreseielege rammevilkår for arbeidet sitt, då dei på mange måtar er berebjelkane i lokalsamfunna.
- At musea i Vestland skal utvikla seg som dagsaktuelle, relevante og samfunnsengasjerte institusjonar, med gode tilbod til born og unge med vekt på kulturopplevelingar og kunnskapsformidling. Det er eit mål å auka besøket til musea i heile fylket.
- Utgreie oversikt over avtalar for bruk av fylkeskommunale anlegg og eigedom til frivillig aktivitet for born og unge under 20 år med mål om harmonisering og lågare prisar.
- Styrka det frivillige - og profesjonelle kulturminnevernarbeidet, særleg på område som er spesielle for Vestland.
- Vestland har eit spesielt ansvar for å ta vare på sine unike båt- og handtverktradisjonar, og landet sin største samling av verna fartøy gjennom t.d. fartøyvernsenteret i Hardandger.
- Legge til rette for varierte og tilgjengelege rusfrie fritidstilbod for ungdom, mellom anna ved at skulane vert tilgjengeleg på ettermiddag- og kveldstid.

- Folkehelsetiltak som tilrettelagde sykkelvegar, sunn og kortreist mat, godt kantinetilbod ved offentlege institusjonar som vidaregåande skular og eit billeg og breitt idretts-, kultur- og friluftsliv må ha høg prioritet. Det er i folks kvardagsliv at god helse blir skapt.
- Halde oppe og styrke satsinga på Opera Nordfjord, som den einaste distrikt- opera i Vestland.
- Fylket skal arbeide for auka statleg finansiering av kulturygg i heile fylket.

Januar 2020 skal fylkeskommunen overta integrerings- og kvalifiseringsoppgåver frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Vestland ynskjer dette velkommen og skal bruke den kunnskapen og dei økonomiske ressursane som tilfell fylket på best mogleg måte for å fremja integrering og kvalifiseringsarbeid i fylket. Fylkeskommunen skal, i tett samarbeid med kommunane, arbeide målretta for kvalifisering av nyankomne flyktningar.

- Det er eit mål for Vestland fylke at dei tilsette skal spegle befolkninga sin samansetjing.
- Frivilligkeit spelar ei viktig rolle i inkluderingsarbeidet.

Dokument slutt.


Jon Aksel Lund
Senterpartiet
Miljøpartiet dei Grøne


Trude Brænne
Kristeleg Folkeparti


Anne-Grete Stenseth
Arbeiderpartiet

Pauline Hammer
SV - Sosialistisk Venstreparti


Gunnar Bæge Stang
Venstre

Protokoll: Forhandlingar om konstituering og samarbeid - fylkestinget for Vestland 2019 - 2023

Denne avtala har desse avtalepartnarane: Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Miljøpartiet Dei Grøne, SV - Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Venstre

Vi har blitt samde om dette.

1. Jon Askeland, Sp (Senterpartiet) vert fylkesordførar.
2. Natalia Golis, MDG (Miljøpartiet Dei Grøne) vert fylkesvaraordførar.
3. Leiar og nestleiar i hovedutval vert fordelt slik:
 1. Hovudutval for opplæring og kompetanse.
Leiar: Arbeiderpartiet
Nestleiar: Sosialistisk Venstreparti
 2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Leiar: Arbeiderpartiet
Nestleiar: Sosialistisk Venstreparti
 3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Leiar: Arbeiderpartiet
Nestleiar: Venstre
 4. Hovudutval for næring, naturresurser og innovasjon
Leiar: Kristeleg Folkeparti
Nestleiar: Senterpartiet

Desse avtalepartnarane har krav på 10 av 17 plassar i fylkesuvalet. Desse plassane vert fordelt slik:

Arbeiderpartiet: 4 medlemmar i fylkesutvalet
Senterpartiet: 2 medlemmar i fylkesutvalet
Miljøpartiet Dei Grøne: 1 medlem i fylkesutvalet
SV - Sosialistisk Venstreparti: 1 medlem i fylkesutvalet
Kristeleg Folkeparti: 1 medlem i fylkesutvalet
Venstre: 1 medlem i fylkesutvalet

Partia er einige om at denne protokollen skal godkjennast i partiorganana.

Partia vil seinere kome tilbake til fordeling av andre verv.

Partia er einige om å utarbeide ein politisk plattform.

Partia er einige om å møtest igjen klokka 11. Offentleggjering vert avtalt då. Avtala er hemmeleg til offentleggjeringa.

Bergen 10. september 2019




Arbeiderpartiet



Senterpartiet




Miljøpartiet Dei Grøne



SV - Sosialistisk Venstreparti



Kristelig folkeparti



Venstre